

## **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 18.01.2017**

Sakene vart behandla i slik rekjkjefølgje: 10/17, 4-9/17, 11-12/17.

Før saksbehandlinga tok til var utvalet på synfaring i Arna: områderegulering – Vårheia.

Orientering om Regional plan for kompetanse og arbeidskraft – status for planarbeidet v/**seksjonsleiar Kathrin Jakobsen** i regionalavdelinga, seksjon for forsking, internasjonalisering og analyse.

**Sigbjørn Framnes (Frp)** orienterte om bakgrunnen for kvifor han har trekt seg som styremedlem i Sunnhordland museum.

**Utvalsleiaren** opplyste at medlemer i utval for kultur, idrett og regional utvikling er inviterte til opninga av Fjordhallen i Ullensvang laurdag 11. februar kl. 13.00. Interesserte kan melde frå til utvalsleiaren.

**Utvalsleiaren** opplyste at utval for kultur, idrett og regional utvikling kan ta ein utanlandstur i valperioden. Ho bad om at medlemene i utvalet set av dagane 23.-29. august 2017 i kalenderen og melder tilbake til fylkesdirektør kultur og idrett - [per.morten.ekerhovd@hfk.no](mailto:per.morten.ekerhovd@hfk.no) - om kva for dagar som passar. Ein tek sikte på fire overnattingar.